



Vår ref.
16/759-9/FA - A12/RUNLAN

Stad:	Øygarden rådhus	Møtedato/Tid:	13.12.2016
Referent:	Rune Landro	Møtenr.:	1-16/17
Til stades:	Johnny Stewart, Frank Halstensen, Kjersti Nordøy, Steinar Berthelsen, Thomas Hovden, Jan Inge Oen, Siv Bodil Reime, Rune Landro		
Forfall:	Nina Knudsen, Agnete Rong, Tonje Martinussen, Frode Pedersen.		

SAKSLISTE

Saksnr.	Tema
9/16	Godkjenning av innkalling og sakliste <u>Vedtak:</u> Innkallinga vart godkjent utan merknader. Saklista vart endra ved at ny sak om konstituering vart lagt til.
10/16	Konstituering av kommunalt FAU. <u>Vedtak:</u> Leiar: Frank Halstensen, nestleiar: Siv Bodil Reime, sekretær: Rune Landro.
11/16	Godkjenning av referat frå møte 01.06.16 <u>Vedtak:</u> Referatet vart godkjent med følgjande merknad: Svaret til kommunalsjefen på spørsmål om det er «skjer i sjøen» vedkommandee utbygginga ved Rong skule, var ikkje gjengitt i referatet. Det kjem her: Kommunalsjefen svarte at det var det ikkje, så langt han kjente til.
12/16	Orientering om Sykkel-VM 2017 v/ Christel Møvik Olsen Kulturleiar Christel Møvik Olsen orienterte om sykkel-VM 2017, og inviterte dei lokale FAU til å engasjera seg i arrangementet på sine skular.
13/16	Mobbing i skulane, - kartlegging og oppfølging. Kommunalsjefen orienterte om kjent statistikk på omfanget av mobbing i skulane i Øygarden. Det vart understreka av medlemmer i utvalet kor viktig det er med eit systematisk førebyggjande arbeid på alle skulane, og at foreldra blir orientert og involvert i dette arbeidet. Kommunalsjefen sa at han har forventning til skulane at dei orienterer på foreldremøte om korleis dei arbeider med førebygging og handtering av mobbing. Det vil verta utarbeidd felles kommunale retningslinjer for arbeid mot mobbing, der ein tek omsyn til sentrale føringar, eksisterande planar på skulane i Øygarden, og der ein også vurderer å ta inn idear frå «Trygg i Fjell»-prosjektet. Kommunalsjefen orienterte også om ein stor konferanse om mobbing i Fjell 15. og 16. februar, for både elevar, tilsette og foreldre.
14/16	Kva gjer skulane når ein har elevar med alvorlege allergiar? Drøfting. <u>Konklusjon:</u> I slike tilfelle må ein vega ulike omsyn mot kvarandre. Elevar med alvorlege allergiar må tryggast, i samsvar med medisiskfaglege råd frå helespersonell. Samtidig må det ikkje iverksetjast uforholdsmessige tiltak som rammur heile elevgruppa, utan at andre meir avgrensa tiltak er vurdert. Det må gjerast individuelle og lokale vurderingar i slike saker.
15/16	Aktuelle saker frå lokale FAU som har prinsipiell interesse.

	<p>ØUS: Elevar får høve til å ta båtførarprøva til våren. Polen-tur for 10. trinn får økonomisk støtte av kommunen, noko som lettar dugnadsarbeidet for elevar og foreldre. Det er stilt spørsmål om kor trygt mobilhotella ved skulen er. Skulen sjekkar ansvarstilhøva ved tjuveri/ forsikringsordningar.</p> <p>Rong: Har god dialog med rektor, - godt samarbeid. På spørsmål om kor tid det vil verta avklart om erstatningslokale i samband med ombygging av skulen, svarte kommunalsjefen at dette vil vera klart før påske.</p> <p>Tjeldstø: 2 FAU-møte i haust. It's learning er i gang i dei fleste klassane, det er ønskje om eigen foreldrepålogging. Framleis litt uro kring open løysing, - skulen prøver å tilpassa undervisninga til slik bygget er laga.</p> <p>Toftøy: Ferdig freesby-golfbane i skogen. FAU har vore involvert i saker knytt til elevmiljøet. Dårleg oppslutning ved dugnad. Mykje arbeid knytt til 17.mai-arrangementet.</p> <p>Blomvåg: Foreldra på 7. trinn er 17.mai-komité. Gode resultat på nasjonale prøver. FAU er engasjert i Sykkel-VM satsinga.</p>
16/16	<p>Informasjon frå kommunalsjefen</p> <p>Om budsjett 2017:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Krav om 30 min fysisk aktivitet kvar dag, og at ein følgjer nasjonale retningsliner for kosthald og måltid - Det vert sett av 100 000 kr til aktivitetar knytt til kystkultur (for barnehagar og skular) - Det er politisk bestilling om å ta ned driftsutgiftene
17/16	<p>Eventuelt</p> <p><u>Møteplan for våren 2017:</u> Tysdag 7. februar kl.18.00. Tysdag 25. april kl.18.00.</p>

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur